



Kartverket

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:	Vår ref.	14473127	Dato:
	Sak/dok.:	19/23518-1	15.05.2019
	Ark.:	346	

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 1 bnr. 19 og 43 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert arealoverføringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Kjøpesummen er oppgitt til 0 kroner, mens salsverdien er satt til 10 000 kroner. Det er kryssa av for at overføringa skjer ved eit «Fritt sal». Ved eit «Fritt sal» vil kjøpesummen vera lik salsverdien. Vi ber difor om ei forklaring på differansen.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 07.

Venleg helsing

Hege Aas Karlsen
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

www.kartverket.no

Kartverket eiendomsdivisjonen, Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss
Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
Telefon: 32 11 80 00 Telefax: 32 11 88 01 E-post: tinglysing@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238